

Skjema for registrering av turar for born mellom 0-12 år

NAVN:	
ADRESSE:	
E-POST:	
TLF./MOBIL:	

TURMÅL	DATO FOR BESØK (hugs at du også må skriva deg inn i boka)
Hjørnås - ved Røde Kors Hytta	
Osnes - Olav Vik området	
Drevåsen - lavvoen på Kyrping	
Postbrua i Skånevik	
Rundtur på Frette - ved Hengebrua	
Trommedalen - ved Kårebu	
Vannes - ved dei store Eikene	
Høylandsnuten	
Jettegrytenuten	
Varleite	

(turbeskrivelsar ligg på facebook-sida vår, så ta ein liten kikk her om du er usikker på kor du skal gå)

Frist for innsending av skjema: 30 september 2019 (sesongen varar frå 1 oktober 2018 til 30 september 2019)

Premiering når du har klart 5 av desse turane. Klarar du alle 10, så får du ein litt flottare premie!

Ferdig utfylt skjema sendes:

E-post: etne.turlag@dnt.no Hugs å merke mailen med «Barnas Turlag»

Kontaktpersonar i Barnas Turlag Etne:

Evvy Hetland Hus, Solvor Grønstad, Kristi Kostveit og Siren Grindheim



Informasjon om Barnas Turlag Etne:

<https://www.facebook.com/Barnasturlag.Etne/>

Tlf: 92207346



Håper vi sees!

Hilsen Turbo

Turbeskrivelser

1. **Hjørnås.** Kassen heng på rekkverket til Røde Kors hytta. Køyr inn Litledalen og opp til parkeringsplassen på Hjørnås (parkeringsavgift). Gå opp grusveg, ta av til høgrefør demning og opp til hytta. Her er det grei tilkomst med barnevogn, sykkel og rullestol. Ca. 1 km ein veg.
2. **Osnes.** Kassen heng på eit tre ute på holmen ved rasteplassen. Gå gjerne frå Etne sentrum ut til Olav Vik stiftelsen på Osnes (el. kjøyr ut til parkeringsplass). Ved stiftelsens parkeringsplass, følg grusvei ned forbi paviljong, vidare mot sjøen og ut til holmen. Om ein går frå sentrum er det ein omlag 6 km lang rundtur. Frå parkeringsplass omlag 400 meter ein veg. Her er det grei tilkomst med barnevogn, sykkel og rullestol.
3. **Drevåsen,** lavvoen på Kyrping. Kassen heng oppe ved lavvoen. Parker på parkeringsplass nedanfor bensinstasjonen, gå gjennom undergang og følg grusvei opp til Lavvoen. Omlag 1 km ein veg. Denne turen går også an å gå med vogn, men litt bratt.
4. **Postbrua i Skånevik.** Kassen heng ved brua. Start ved Skånevik skule og følg vegen opp til løa i Milja. Her kan ein velgje om ein vil gå høgrefør el. Venstre i ei rundløype. Tar ein til høgrefør, følg Tjedlaveien opp til øverste garden, gå rett fram på baksida av løe, følg grusvegen opp til venstre til du kjem til postbrua. Det kan vere litt vanskeleg med vogn og rullestol over til Setervegen. Gå gjennom bøkeskogen og følg vegen ned igjen til sentrum. Omlag 3 km.
5. **Rundtur på Frette.** Kassen er plassert ca. midtvegs på rundturen. Ta av frå E 134 inn til Frette. Køyr over brua og parker ved ungdomshuset. Her finn ein også infoskilt om rundturen. Etter parkering, gå tilbake over brua og ta første veg til høgrefør, ein går forbi gardane på Vinja og ved det inste bruket ligg Duesteinen til høgrefør. Denne har helleristingar frå slutten av steinaldaren. Ved inste bruket på Tveito forlet ein grusvegen og går på beitemark, følg skilting. Ein går opp langs elva til ein kjem til hengjebbru, gå over denne og følg vegen ned att til ungdomshuset. Om lag 1-1,5 times tur.
6. **Trommedalen ved Kårebu.** Kassen heng ved Kårebu. Trommedalen rundt er ei merka rundløype på omlag 8 km med ein høgdeskilnad på 250 meter. Turen startar ved Gjerde kyrkje midt i Etne sentrum. Den er skilta med piler og skilt «Trommedalen rundt». Følg skilta og ikkje ta av på stikkvegar. Det er omlag 5 km til Kårebu om du går følgjer merkinga. Om du går «mot» merkinga og retur same veg er turen noko kortare.
7. **Vannes.** Kassen heng ved den 2 ferista. Start ved hovudvegen, følg skilt til Vannesvegen grusveg, her går det fint med vogn, sykkel og rullestol. Omlag 1 km ein veg. Ved hovudvegen står det også turskilt til Søljenibba, då er ein på rett veg. Kassen heng i nærleiken av nokre store eiketre. Her er fint å ta nistepakken og leike.
8. **Høylandsnuten.** Kassen heng på varden. For å komme hit har ein to alternativ:
 1. Ta av frå E134 inn på Fossavegen, følg denne til det står skilt til Rus opp til høgrefør. Denne vegen er bomveg. Følg vegen til endes og parker her. Da ser ein varden på Høylandsnuten ut til venstre. Like ovanfor parkeringa skal du følgje ein sti ut til venstre for vegen. Første del av stien har ein del myr og våte parti. Det kan vere og vanskeleg å sjå stien. Ved Skittjørna kjem ein inn på T-merka sti til Løkjelsvatn, følg denne til ein ser varda sti opp mot toppen på venstre hand.
 2. Køyr til Hjørnås og ta med sykklar. Husk parkeringsavgift. Du sykklar opp til Røde Kors-hytta og følg vegen vidare innover til Krokavatnet. Rundt dette og til Auastadtølen. Sykkelturen er omlag 5-6 km. Følg den T-merka stien opp mot Høylandsnuten og ta ut til høgrefør i etter skaret. Begge desse alternativa er litt lange turar og passar best for eldre barn og barn som er vane med å gå i fjellet.
9. **Jettegrytenuten.** Kassen heng i eit tre på toppen. Ta av frå E 134 inne på Rullestad ved Rullestad camping. Følg vegen til ein ser ei gangbru til venstre over elva, parker til høyre. Stien her er skiltet og merket med raude plastrøyr opp til toppen. Om lag 1,5 km ein veg. Noko ulendt og bratte berg, så gå forsiktig.
10. **Varleite.** Kassen heng på ein påle. Her kan ein velgje om ein vil gå opp frå Etne eller Skånevik. I Etne parkerer ein på Kambe ved fotballbanen og følger skilting for postvegen, omlag 3,5 km til toppen. I Skånevik køyrer ein opp Milje allè, tar til venstre ved løo og til høgrefør opp Setervegen. Her kan ein parkere ved enden av vegen. Vidare følger ein Setervegen opp til Smørklamp der ein tar stien til venstre og kjem opp til Varleite. Ca 3,5 km opp til toppen. Her er det også skilta frå sentrum for postvegen.